

Gunnar Skirbekk
(Dag og Tid, 16.04.2010)
tariq ramadan

Tariq Ramadan – ein truverdig intellektuell?

Walid al-Kubaisi sitt innlegg om Tariq Ramadan (*Dag og Tid* 12.02.10) har ført til to motinnlegg, eitt av Ramadan (05.03.10), der han viser til *Mangfoldets filosofi*: ”Ved å lese boka mi *Mangfoldets filosofi* ... ville Kubaisi ha funne ut i kva grad eg står i skuld til og respekterer vestleg filosofi”, og eitt av Sindre Bangstad (12.03.10), som går til rette med al-Kubaisi, samtidig som Bangstad reserverer seg overfor kvaliteten i Ramadans skrifter.

Denne meiningsutvekslinga fekk meg til å lese *Mangfoldets filosofi*. Men det vart ei intellektuell påkjenning, for å seie det slik. For denne boka kan lesast som eit eksempel på kor ille det går når ein forfattar ikkje har fått med seg poenga i Arne Næss’ *Elementære logiske emne*: gjennomgåande ei uklar og utydeleg framstilling, med ei mengd *name-dropping* og eit håplaut presisjonsnivå.

Kan hende må omsetjaren ta noko av skulda; her er flust med merkelege uttrykk som ”eneståenhet” og ”drømmeklarsyntheten”, samt ein hyppig bruk av nyskapinga ”alts” (genitiv for ”alt”), og ein del setningar er bortimot uforståelege. Men dersom dette botnar i inkompetanse hos omsetjaren, Kjell Olav Jensen, er det også forlaget sitt ansvar. I alle fall har forlaget, Damm Cappelen, eit forklaringsproblem når det i baksideteksten heiter at Ramadan i denne boka ”diskuterer begreper” og at dette er ei ”intelligent bok”.

Men jamvel om det skulle vere slik at omsetjaren (og forlaget) må dele på ansvaret, er det sjølvsagt Tariq Ramadan som blottstiller seg med denne boka: Han presenterer seg som filosof (jf boktittelen, både på engelsk og norsk), samtidig som det ved lesing av boka blir klart at Ramadan ikkje fungerer som filosof (ikkje her, i det minste). Dette gjeld ikkje berre det mistrøstige presisjonsnivået reint allment, men også (for eksempel) når han refererer til striden omkring Galilei på ein vindskeiv måte som ikkje når opp til framstillinga i kvalifiserte lærebøker til examen philosophicum, eller når han refererer til Wittgensteins språksyn, som om det er i harmoni med hans eige syn, mens det rett forstått står i motstrid til Ramadans globaliserande prosjekt. Eller når han liksom-diskuterer utfordringane ved dagens hjerneforskning, utan å gå inn på dei kunnskapsteoretiske grunnproblema med ”reduktiv fysikalisme” (jf t.d. debatten omkring Patricia og Paul Churchland).

Når dette er sagt er det likevel tydeleg kva budskapet går ut på, nemleg at religion og fornuft kan forsonast i eit moderne samfunn (”delt universalitet”), men slik at religion har ein viss forrang (for eksempel ved at ”hvorfor” går forut for ”hvordan”, som det heiter i teksten). Dessutan er det ein underliggjande budskap at blant dei ulike religionar og trusretningar kjem islam ut på ein særleg fordelaktig måte. Så ærendet er klart nok: ei styrking av religionens plass i dagens Europa, med islam i fremre rekke.

Når dette er prosjektet, er det beklageleg at vi ikkje får ei filosofisk oppdatert drøfting av grunnproblematikken omkring modernitet, rasjonalitet og vitenskaplegging. Det er dessutan beklageleg, og påfallande, at vi heller ikkje får ei tilsvarande drøfting av religionskritiske problemstillingar, korkje av indre teologiske utfordringar (slik som det vondes problem i dei tre monoteistiske religionane) og av religionspolitiske utfordringar i moderne pluralistiske samfunn (slik som behovet for institusjonell differensiering mellom rettsvesen og religion).

Her er det nok å ta av, for eksempel argumenta for ei ”modernisering av medvitet” (som Habermas seier), der det blir vist til behovet for at religionane i moderne samfunn må avstemmast i forhold til ei sjølvkritisk oppfatning av vitenskapleg innsikt av ulikt slag, samtidig som den enkelte må innta ei refleksiv holdning til eiga tru og dermed anerkjenne andre (tilsvarande) former for tru som like rettkomne, og der det blir vist til behovet for eit

institusjonelt skilje mellom rettssystemet og lovene på den eine sida og ulike religiøse oppfatningar på den andre.

Men dette gir eit anna svar på spørsmålet om religionens plass i moderne samfunn, enn den uforløyste forsoninga mellom religion og fornuft som Ramadan antydar, der religionen (særleg islam) likevel blir gitt ein framstående posisjon i samfunnet.

Det eg seier er at religiøse personar, også muslimar, har ein plass i moderne samfunn, men berre gjennom ei ”modernisering av medvitet”, basert på sjølvkritisk argumentativ fornuft og institusjonell differensiering. (Jf innlegget mitt i antologien *Religion og kultur*, utg. Arve Brunvoll et al., Oslo 2009.)

Dersom Tariq Ramadan ønskjer å bli tatt alvorleg som intellektuell i desse debattane, bør han ikkje referere til boka *Mangfoldets filosofi*. Vi kan alle komme i skade for å skrive dårlege bøker, men vi bør avstå frå å vise til slike skrifter som om dei representerte vektige innspel i debatten.